



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 22/21390-19
Saksbehandlar Eivind Dalseg

Utval	Møtedato
Hovedutvalg for næring, kultur og miljø	25.09.2025

Søknad om driftsmidler til Stiftelsen Setesdal stavkyrkje

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Hovedutvalg for næring, kultur og miljø avslår søknad frå stiftelsen Setesdal stavkyrkje om driftsmilder for perioden 2025 – 2027.
2. Hovudutval for næring, kultur og miljø støttar tilrådinga frå fylkeskommunedirektøren om at fylkeskommunen likevel kan bidra med fagleg rådgiving, og ha ei observatørrolle i prosjektstyret.

Vedlegg

Statusrapport 11.08.2025

Søknad

protokoll Setesdalsmuseet eigedom IKS

Fagartikkel Hylestad stavkirke gjenoppstår

Prosjektplan tørrmuring

Prosjektstruktur

Budsjett - administrasjon

Vedtak 2022 Fylkesutvalget

Vedtak 2024 Hovedutvalget

Halvårsrapport - Setesdal stavkyrkje 29.09.23

Statusrapport 23.10.24

Prosjektskisse for Setesdal Stavkyrkje 2024

Prosjektskisse Sparebankstiftelsen DNB - Autentisk rekonstruksjon av stavkirke

Invitasjon til prosjektstyre Agder fylkeskommune

Samandrag

Fylkeskommunen har motteke søknad frå Stiftelsen Setesdal stavkyrkje om vidare økonomisk stønad knytt til prosjektet om å oppføre ny stavkyrkje i Setesdal. Midlane skal nyttast til å dekke lønnsutgifter for prosjektleiar, førebels prosjektering, naudsynt nettverks- og dokumentasjonsarbeid, marknadsføring samt driftsutgifter i stiftinga.

Fylkeskommunedirektøren vurderer at prosjektet er fagleg interessant med tanke på at det vil gje ny kunnskap knytt til tradisjonshandverk og bevaring av dei norske stavkyrkjene. Det har også skjedd positive framsteg i prosjektet det siste året. Samstundes vurderer fylkeskommunedirektøren at det fortsett er knytt stor usikkerheit til finansiering av prosjektet, og til vidare bruk og eigarskap etter byggjeprojektet er fullført. Fylkeskommunedirektøren tilrår difor å avslå søknaden.

Saksopplysningar

Agder fylkeskommune har fått ein ny søknad om midlar til vidareføring av prosjektleiarstilling og administrasjon knytt til planlegging og realisering av Setesdal stavkyrkje. Søknaden er på 613 030 kroner for 2025, og dessutan 593 030 kroner for 2026 og 2027. Det er sendt søknad til Valle kommune på tilsvarande beløp.

Fylkeskommunen har tidlegare løyvd midlar i to omgangar, 1 000 000 kroner i 2022 og 400 000 kroner i 2024. Prosjektleiar vart tilsett i stiftinga på nyåret 2023.

I vedtaket i hovudutvalet for næring, kultur og miljø 21.11.2024 vart det peikt på at prosjektet kan vera eit viktig handverksprosjekt som gir ny kunnskap om bygging og bevaring av stavkyrkjer. Samstundes vart det peikt på fleire uavklarte forhold ved prosjektet. Det vart til dømes peikt på at det manglar ein plan for framtidig eigarskap og bruk av kyrkja etter ferdigstilling, og at det manglar finansiering til bygginga. Fylkeskommunedirektøren konkluderte derfor med at før ny søknad kan behandlast, måtte det etablerast eit prosjektstyre som skulle arbeida med følgjande:

- Prosjektorganisering og rolleavklaring
- Avklaring av museet og kommunen si rolle i prosjektet
- Bruk, formidling og pedagogisk opplegg under og etter byggjeperioden.
- Finansiering av byggjeprojektet, og dessutan finansiering av prosjektleiing mm.

Prosjektstyret har levert ein statusrapport i august 2025. Under følgjer ein kort forklaring over aktivitetar gjennomført i perioden etter førre tildeling. For meir detaljar, blir det vist til vedlegget «Statusrapport 11.08.2025.»

- Det er etablert eit prosjektstyre som består av stiftinga, Valle kommune og norsk handverksinstitutt. Første møte er planlagt i september 2025. Aust-Agder museum og arkiv og Agder fylkeskommune er også invitert til å delta i prosjektstyret. Aust-Agder museum og arkiv har takka nei til deltaking. Agder fylkeskommune har også vurdert at me ikkje ønskjer ein plass i styret, men me kan bidra med fagleg rettleiing og som observatør (sjå vurderingar). Stiftinga gjer også merksam på at dei ønskjer å invitera Riksantikvaren med, men dei har førebels ikkje fått invitasjon i påvente av interne avklaringar.
- Stiftinga har arbeidd med besøkssenter, publikumsfasilitetar og driftsplan i tilgjengeleg næringsareal langs riksvegen. Det planleggast oppstart av formidlingsopplegg knytt til prosjektet frå og med våren 2026.

- Valle kommune har finansiert ny reguleringsplan for området med utgangspunkt i ny stavkyrkje, og dessutan forprosjekt utført i 2021/22. Kommunen har **tilsvarande** sak som dette til handsaming på same beløp som fylkeskommunen. Saka vart einstemmig vedteken i formannskapet, og skal opp til handsaming i kommunestyret 24. september.
- Stiftinga har delt prosjektet opp i fleire mindre delprosjekt for å lettare kunna søkja midlar. Vedlagt søknaden er beskriving av det første delprosjektet som går på fundament. Det er ikkje oppgitt dokumentasjon knytt til vidare finansiering av sjølve stavkyrkja.

Vurderingar

Søknaden om ytterligare støtte til ei videreføring av prosjektleierstillingen bør vurderast i lys av det vedtaket som vart gjort av hovudutval for næring, kultur og miljø i 2024 og i kva grad prosjektet har oppfylt dei krava som vart stilt den gongen knytte til samarbeidspartnarar, prosjektorganisering og finansiering.

Det har vore ein viss framdrift i prosjektet knytt til rolleavklaringar og organisering siden saken sist var til behandling. Det er positivt at det er etablert eit prosjektstyre og at det har vært arbeidet med en formidlingsplan.

Når det gjeld eigarskap og bruk, er det etter fylkeskommunedirektørens vurdering, framleis mange uavklarte forhold. Det er også uvisse knytt til vidare finansiering av det konkrete byggje- og forskingsarbeidet. Fylkeskommunedirektøren vurderer det slik at usikkerheitene knytt til finansieringa av prosjektet er vesentlege. Prosjektet har ikkje lykkast med å sikre ein plan for finansiering og etterbruk slik fylkesutvalget forutsatte i sitt vedtak.

Etter ei heilskapleg vurdering verkar det lite formålstenleg å halda fram med å finansiera ein prosjektleiarstilling, all den tid det er stor uvisse om etterbruk, eigarskap og ikkje minst finansiering av byggjeprojektet. I tillegg gjennomfører fylkeskommunen nå ein omfattende omstilling og det er derfor nødvendig med ei grundig vurdering av nye tiltak og prosjekter som har ei uvisse framtid.

Fylkeskommunedirektøren meiner likevel at prosjektet er fagleg interessant og at fylkeskommunen kan bidra fagleg inn i arbeidet gjennom råd og rettleiing frå bygningsvernsentra og eventuelt som observatør i prosjektstyre eller referansegruppe.

Regionplan Agder 2030

Prosjektet støttar opp under følgjande mål i Regionplan Agder:

- Kultursektorens aktivitet innan forskning og utvikling er over landsgjennomsnittet.
- Verdiskapinga knytt til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyane har økt.
- Kultur, idrett og ei unik kulturarv gjer Agder til ein attraktiv region, som trekk eit veksande tal besøkande frå inn- og utlandet.

Økonomiske konsekvensar

Fylkeskommunen har allereie bidratt med midler til prosjektet utan at det kan fremleggjast ein tilfredsstillende plan for finansiering eller etterbruk. På denne bakgrunn anbefales det å avslå søknaden. Dersom det likevel fattast eit positiv vedtak i saken må et eventuelt beløp tas med i forbindelse med budsjett for 2026.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår å avslå søknaden basert på stor usikkerheit knytt til finansieringa av prosjektet.

Kristiansand, 16.09.2025

Tine Sundtoft
Fylkeskommunedirektør

Kristin Tofte Andresen
fylkesdirektør